



Lindås rør og sanitær as

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2182 - 14/5373

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

17.03.2014

Svar på søknad om tilkopling av oljeutskiljar til offentlig leidningsnett - gbnr 137/757

Teknisk drift syner til søknad om løyve til tilkopling av olje utskiljar til offentlig leidningsnett – gbnr 137/757. Det vert søkt om løyve til å få kople på olje utskiljar av typen Odin SUK-SR-NS 6 med integrert sandfang 1,2kbn til offentlig nett. Anlegget er testet og godkjent etter NS-EN-858-1 «Class 1» og dimensjonert etter NS-EN-858-2. Teknisk drift, VVA, vil gje løyve til tilkopling av olje utskiljar til kommunalt nett på følgjande vilkår:

- Løyve til tilkopling av olje utskiljar til kommunalt nett vert gitt ut i frå innsendte berekningsgrunnlag. Det skal nyttast 1 stk. spylekran (1/2") og 1 stk. høgtrykksspyler. Verksemda er ansvarleg for at anlegget er dimensjonert for den belastning som reelt kan tenkast å førekomme.
- Det skal etablerast utvendig vaskeplass på maks 65m². Vaskeplass skal avgrensast slik at overvatn frå omkring liggande område ikkje vert ført inn på utskiljar anlegget.
- Det skal installerast prøvetakingskum for anlegget.
- Det skal inngåas skriftleg avtale med godkjent tømmefirma. Avtale skal være signert av begge parter. Kommunen skal ha kopi av denne. Avtale skal være kommunen i hende før anlegg vert teke i bruk.
- Anleggseigar skal ha jamleg ettersyn av utskiljar anlegget. Verksemda skal ha eit system for tømmerutinar. I denne rutinen skal det komme fram korleis anlegget skal tømmast og driftast. Kommunen skal ha kopi av dette.
- Regelmessig tømning og vedlikehald av utskiljar anlegg er av avgjerande betydning for anlegget sin funksjon. Tømmefrekvensen vil avhenge av anlegget sin størrelse og effekt . Olje utskiljar og oppsamlingstank for utskilt olje skal tømmast minimum 1 gong i året, og elles når det måtte være nødvendig for å oppretthalde krav til på slipp på mindre enn 50 milligram olje per liter vatn. Oljehaldig vatn og slam vert rekna som farleg avfall etter avfallsforskriften kap. 11 Farlig avfall.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Alle utskiljarvolum (utskiljar, sandfang, slamavskiljar, oppsamlingstank, inn-/utlaupsleidning) skal kontrollerast og reingjerast årleg. Driftskontroll og reingjering kan utførast i samband med tømming.
- Bruk av vaskemidlar fører til at olje emulgerer og vert vanskeleg å skilje ut i anlegget. Berre godkjente vaskemidlar skal nyttast og bruken av disse skal avgrensast til eit minimum. Kommunen forventar at verksemda går i dialog med kjemikalieleverandør, eventuelt anna kompetanse på området, for å optimalisere kjemikaliebruken med tanke på lågare utslipp. Nokre vaskekjemikaliar kan redusere olje utskiljaren sin funksjon. Det følgjer eigne retningslinjer om dette.
- Det skal sendast inn generell dokumentasjon om anlegget (type anlegg, teikningar, inn måling av anlegg, samt påslippunkt til offentleg leidningsnett).
- Det skal førast driftsjournal for anlegget . I journalen skal det førast inn data om når anlegget vart tømt, mengde olje/oljehaldig slam og kven som utførte tømminga. Driftsopphald i samband med reingjering og vedlikehald av anlegg skal også førast i journalen (dato, tid, og kva type drifts operasjon som vart utført). Driftsjournal skal, til ein kvar tid, være tilgjengeleg for kontroll for Lindås kommunen.
- Det skal i løpet av året utførast minst ei representativ måling av oljeinnhaldet på utslippsvatnet for å sikre kvaliteten på dette. Oljeinnhaldet skal ikkje overstige 50mg/l, målt som totale hydrokarbon. Temperaturen på vatnet skal ikkje overstige 45°C. Utskiljar som driftast riktig og med rett kjemikalie bruk vil normalt klare krava. Prøven skal takast frå vannstrøm med god turbulens. Prøven skal analyserast av godkjent laboratorium.
- Verksemda skal kvart år sende inn kopi av tømmerapport og driftsjournal til kommunen. Resultat av prøveanalyse skal leggjast ved. Inn rapporteringa skal være kommunen i hende seinast 1. februar påfølgjande år. Inn rapportering kan utførast av tømmeoperatør etter avtale.
- Verksemda skal sørge for at, ein kvar tid, gjeldande regelverk vert fylgt.

Løyve gjeld berre tilkopling av olje utskiljar til offentleg nett. Andre tilkoplingar til offentleg nett vert handsama for seg. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Det er standard abonnementsvilkår – tekniske og administrative bestemmelser, samt forureiningsforskrifta kap. 15 som gjev heimel for at teknisk drift skal setje krav til påslipp til offentleg leidningsnett.

Vedtaket kan på klagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert på klaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

